



Sula kommune
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Astrid Buset, 71 25 85 41

Sula kommune - fråsegn til høyring av områderegulering for Sulafjellet - Statsforvaltaren har motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Sula kommune har lagt forslag til områderegulering for Sulafjellet med konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn. Planen er utarbeidd av Nordplan for Flakk Gruppen AS. Føremålet med planen er å legge til rette for bygging av ei gondolbane frå Devoldfabrikken i Langevåg sentrum til Rundehornet på Sulafjellet. Hovudsiktemåla med etableringa er å legge til rette for eit utvida, heilårleg friluftstilbod på Sulafjellet, styrke Sula kommune som reisemål, auke verdiskapinga og styrke næringsgrunnlaget for handelssenteret Devoldfabrikken.

Gondol og skianlegg er ikkje i tråd med overordna kommuneplan. I arealdelen til kommuneplanen er areala i nord avsett til sentrumsføremål, bustader, friområde, samferdselsanlegg og naturområde. I sør er areala avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). For Langevåg sentrum er planframlegget tilpassa framlegg til områderegulering for Langevåg sentrum, med unntak av trasé for gondolbana.

Statsforvaltaren har følgjande motsegner til planen:

- Gondol og dei andre anlegga i Sulafjellet vil vesentleg redusere kvalitetane og verdien av Sulafjellet som tettstadsnært markaområde. Området er eit svært viktig friluftsområde med særskilte kvalitetar knytt til urørt natur.
- Samla er dei negative verknadene av gondolen for naturmangfaldet store. Utbygging i tråd med planen fører til naturinngrep som gir betydeleg miljøskade for nær trua fjellhei og sterkt trua kystlynghei på Rundehornet og området nordover mot Gamlestølen. Inngrepa får negative

konsekvensar for nær trua fugleartar og fuglar Noreg har eit særskilt ansvar for å vareta. Planane er dermed i konflikt med nasjonale miljømål for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

- Gondolen, dei andre anlegga og belysninga blir nye, varige element som gir alvorleg miljøskade for landskap.
- Det manglar dokumentasjon på at avlaupsløysinga ikkje fører til dårlegare tilstand i Molvørselva i strid med miljømåla i vassforskrifta.
- Det manglar føresegner som tryggar beiteinteressene i utmarka
- Manglande arealføremål og planføresegner som sikrar den utvalde naturtypen hol eik mot skade.
- Bygging av avlaupsanlegg i den sterkt trua naturtypen atlantisk høgmyr og manglande vurderingar av aktuelle og realistiske alternativ til lokalisering av avlaupsanlegget.
- Manglande avklaring av støy for bustadområda BFS5, BK1, SF3 og område for offentleg tenesteyting (o_T1).
- Manglande kunnskap om born og unge sin bruk av friområdet aust for Molvørsbrauta gjennom året, og konsekvensar av bygging og drift av gondolen gjennom friområdet for denne bruken.
- Mangelfull utgreiing av konsekvensane for folkehelse av å bygge gondol over bustader.

Nærare grunning for Statsforvaltaren sine motsegner og faglege råd:

I Regjeringa sine Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er det ei forventning om at kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Dei samla verknadene skal takast omsyn til.

Planen er utarbeidd som ein områdereguleringsplan, og det er lagt ned eit omfattande og grundig arbeid med planen og konsekvensutgreiinga. Det er gjort ei siling av alternative traséar for gondolbana i Langevågen. Områdereguleringa består av plankart i to vertikalnivå. Det er ikkje stilt krav om vidare detaljregulering for nærare avgrensa delområde i områdereguleringsplanen. Dette inneber, at avklaring av ei rekkje fagtema, som ikkje kan utsetjast til byggesak, må skje på dette plannivået.

I vårt brev den 28. oktober 2021 ved oppstart av planarbeidet, peika vi på at ei vurdering av andre lokaliseringalternativ truleg burde skje på eit interkommunalt nivå. I dag er det to liknande anlegg i regionen; Romsdalsgondolen til Nesaksla i Rauma kommune og Loen Skylift til Hoven i Stryn kommune. Menon Economics har laga ei verdiskapings- og ringverknadsanalyse av gondolprosjektet på Sulafjellet. Dette er ikkje ei fullstendig samfunnsøkonomisk analyse, og omhandlar ikkje konkurranse mellom dei tre gondolanlegga (nytte-kostnadsanalyse). Prosjektet inneber ein risiko for at ein gjer inngrep i urørte naturområde og der investeringa ikkje er økonomisk berekraftig på lang sikt.

Føremålet med planarbeidet er å auke omsettinga ved handelssenteret på Devoldfabrikken gjennom å lage eit kommersielt reiselivsprodukt basert på natur i nærområdet. Den generelle utviklinga både i Norge og Europa er at sentrum av byar har handelslekkasje til større kjøpesentera, som Moa, og til netthandel (TØI rapport 1400/2015). Gondol til Sulafjellet vil trekke til seg besøkande som legg at pengar lokalt i Sula, men vil ikkje kunne demme opp mot dei bilbaserte handlereisene til Moa.

Medverknad



Kommunen er lokal planmynde etter plan- og bygningslova, og skal sørge for at det vert gjennomført medverknad i alle planprosessar i tråd med plan- og bygningslova (PBL) §§ 1-1 og 5-1. Ein open prosess med brei involvering der deltakarane aktivt får kome med sine innspel, vil gje eit breiare kunnskapsgrunnlag til planarbeidet. Korleis medverknadsprosessar skal gjennomførast går fram av PBL §§ 3-2, 3-3, 5-2 og 5-3.

Opplegg for medverknad for denne planen går fram av kapittel 3.4 i planomtalen. Planomtalen kunne vore tydelegare på kva som er gjennomført av møte, korleis desse møta var organisert og lagt opp for å få innspel frå deltakarane, og kva som eventuelt kom fram i møta. Vi saknar særskilt ein omtale av korleis born og ungdom og andre grupper i befolkninga som treng særskilt tilrettelegging for å delta i planprosessen.

Landbruk



Det er eit nasjonalt mål om at vi skal utnytte meir at utmarksressursane til beiting og matproduksjon. Sulafjellet er eitt av få utmarksområde der ein ikkje har konfliktar med rovdyr, og arealet er soleis eit særskilt viktig beiteområde for landbruksnæringa. Ut ifrå dette har vi følgjande krav til tiltak for at området skal kunne nyttast til aktiv beitebruk også i framtida;

- Ved anleggsvegen må det byggast sperregjerde med fjørbelasta port som hindrar at beitedyra trekkjer ned frå fjellet
- Restauranten må vere inngjerda
- Det må settast opp informasjonsskilt om reglar for bandtvang av hund og av mating av beitedyr rundt restauranten
- I byggeperioden må anleggsområdet sikrast slik at ikkje beitedyr vert skada

Alt av gjerde må vere av type lammenetting, slik at beitedyra ikkje sett seg fast eller vert skada. Det må også monterast toppstreng av stål som m.a. hindrar snølast på gjerdet. Turistar som gløymer å lukke grinda kan medføre eit stort ekstraarbeid for husdyreigar med innsanking, difor må grind/portar ha fjørbelasta lukke-/opne-system, slik at desse går automatisk igjen ved bruk.

Statsforvaltaren har **motsegn** til plana fram til beitedyrinteressene er teke omsyn til, og at tiltaka er lagt inn i føresegnene til reguleringsplan.

Vår motsegn kan koplast til berekraftsmål nr. 2 om å utrydde svolt, då ei aktiv beitedyrnæring bidreg til matproduksjon, og mål nr. 15 om livet på land, då beitedyr i utmark hindrar gjengroing og bidreg til å stanse tap av artsmangfald.

Naturmangfald



Arealendringar er den største årsaka til tap av naturmangfald. Gjennom utbygging og andre inngrep i naturen blir leveområda til artane forringa eller går tapt. Dei nasjonale miljømåla for naturmangfald er at økosystema har god tilstand og leverer økosystemtenester, ingen artar og naturtypar skal bli rydda ut, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast. Naturavtalen som vart signert under COP15-møtet i Montreal 19. desember 2022, forpliktar medlemslanda i FN til å verne om meir natur, og restaurere øydelagde økosystem.

Delområde 14 – Devoldfabrikken: Utvald naturtype hol eik

Det er kartlagt ei eik innafor planområde på gnr109 bnr19 og gnr109 bnr454 som oppfyller kriteria til utvald naturtype *hol eik* etter naturmangfaldlova. Eika veks innafor areal foreslått regulert til grønt føremål, men rotsystemet ligg truleg delvis under køyrevegen. Planen gir ikkje naturtypen det vernet som statusen som utvald naturtype inneberer, og konsekvensane av planlagt arealbruk for naturtypen er ikkje vurdert jf. naturmangfaldlova § 53 tredje ledd. Den hole eika, slik lokaliteten er vist i Naturbase, bør regulerast til naturområde og med ei omsynssone over vegarealet, med planføresegner som gir føringar for forvaltning av areala for å beskytte treet. Vi har **motsegn** inntil dette er på plass.

Delområde 13 – Mikalgarden: Friområde (FRI1, FRI2 og TV3) - naturbeitemark

Sør for sentrum er det i samband med naturtypekartlegginga registrert ei naturbeitemark aust for Molværsbrauta. Arealet er foreslått regulert til friområde (FRI1 og FRI2) med turveg (TV3) i tråd med arealføremålet i overordna kommuneplan. *Naturbeitemark* er ein trua naturtype som er raudlista som sårbar (VU). Lokaliteten utgjer to overlappende delområde, med ulik lokalitetskvalitet. I nyaste kartlegging frå 2021 har området, til tross for beite med sau, fått låg kvalitet på grunn av betydeleg innslag av tre og få artar som er typiske for naturbeitemarker. Dei store opne flatene kring kollen er prega av gjødsling, noko som er negativt for mangfaldet av blomsterplanter og dermed også er negativt for insekt.

Det er eit nasjonalt miljømål å stoppe tap av biologisk mangfald og betre tilstanden til artar, naturtypar og økosystem. Sidan dette er ei intakt naturbeitemark der delar av marka vert halden i hevd ved beiting, bør skjøtselen kunne halde fram og det bør fastsettast forbod mot gjødsling av arealet. Vi rår til at lokaliteten som vart kartlagt i 2021 vert vist med omsynssone med tilhøyrande retningslinjer for bruk og skjøtsel av naturbeitemarka, for å halde denne i hevd og om mogeleg betre tilstanden ved å fjerne framande artar og felle tre. Sjå [faktaark](#) i Naturbase. Her må føresegnene § 4.5.1 knytt til tredekke under gondolen endrast.

Delområde 9 – Gamlestølen: Avlaupsanlegg (VA1) – atlantisk høgmyr

Det er regulert inn avlaupsanlegg ved Gamlestølen. Avlaupsanlegget skal betene avlaup frå mellomstasjonen og toppstasjonen, og legg til rette for tilknytning av fritidsbusetnaden oppstrams. Her er det registrert den sterkt trua (EN) naturtypen *atlantisk høgmyr*. Planforslaget medfører at halve myra blir bygd ned, og truleg vil resterande delar gå tapt som følgje av masseutskifting med påfølgande drenering og uttørking av areala nedanfor. I følgje VA-rapporten frå Asplan Viak er det

vurdert alternativ plassering aust for Molværselva. Det går ikkje klart fram kvifor dette alternativet er forkasta. Anna alternativ plassering som ikkje medfører tap av trua naturmangfald er ikkje vurdert. På bakgrunn av nedbygging av den sterkt trua naturtypen *atlantisk høgmyr* og manglande vurderingar av aktuelle og realistiske alternativ til lokalisering, jf. naturmangfaldlova § 12, har vi **motsegn** til VA1. Sjå også merknad knytt til vassmiljø og avlaup.

Delområde 8 – Rundehornet, delområde 11 – Koppen og delområde 12 – Harhaugen: Sulafjellet

○ *Toppstasjon for gondol på Rundehornet*

Rundehornet ligg godt over tregrensa i alpin sone. Heile planområdet på Rundehornet er kartlagt som *kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra*. Lokaliteten har *høg* økologisk lokalitetskvalitet og *stort* naturmangfald. Naturtypen er raudlista som nær trua (NT), og har ut frå raudlistestatus og økologisk kvalitet *høg* forvaltningsprioritet. Hyttene ved Molværsvatnet og eksisterande turstiar gjer at tilstanden er moderat. Ved bygging av toppstasjon for gondol og tilhøyrande turstigar og skianlegg, vil mykje areal i fjellheia bli bygd ned og ein kan forvente større slitasje på vegetasjonen. Dermed vil den samla belastninga på naturtypen på Sulafjellet auke og naturmangfaldet vert forringa, jamfør naturmangfaldlova § 10. Vi er samd i konklusjonen i konsekvensutgreiinga som har satt *betydeleg miljøskade* for naturtypen som følgje av utbygginga, og at skaden vert langvarig.

Slitasje og skade på den alpine floraen og jordsmonnet som følgje av større ferdsel, etablering av skianlegg og preparering av løyper, vil påverke fuglar som har sine leveområde i fjellet negativt. Auka ferdsel kan gje meir forstyrringar i hekketida slik at hekkinga vert mislukka.

For fugl viser konsekvensutgreiinga at området ved Rundehornet er funksjonsområde for nær trua (NT) heilo. Her er tidlegare registrert hekking av ansvarsarten boltit. Området er dermed gitt *middels* verdi. Konsekvensgraden er satt til *betydeleg miljøskade*.

○ *Gondol og mastepunkt*

Hønsefugl som rype og orrfugl har dårleg syn, og har stor dødelegheit på grunn av kollisjonar med kraftledningar og master som ofte er plassert i flygehøgde til desse fugleartane. For ansvarsartane lirype og fjellrype, og for orrfugl vil derfor dødelegheita i bestandane høgst truleg gå opp som følgje av kollisjonar med gondolmaster, kabel og zip-linewire. Også smålom og rovfuglar som er registrert i influensområdet til gondolen, har høg risiko for å kollidere med kabel og wire. Konsekvensutgreiinga viser *betydeleg miljøskade* knytt til konflikt mellom gondol og fugletrekk, arealbeslag og auka aktivitet vinterstid.

○ *Grønstruktur – kombinert med anna hovudføremål (GAA)*

Planen opnar opp for omfattande lengde ny kombinert anleggsveg, driftsveg, turveg og skiløype frå Vasskummen på kote 90 til Rundehornet på kote 725 i ei breidde på mellom 3,5 til 6,5 meter (møteplassar) med grusdekke. Eit viktig føremål med regulering av GAA er å sikre areal til anleggsveg, drift og teknisk infrastruktur. Frå Vasskummen til Gamlestølen er der turvegar i dag, som skal rustast opp dersom planane vert godkjende. Omtrentleg lengde på ny veg frå Gamlestølen til Rundehornet vil vere 3,2 km. Det skal kunne leggest VA-leidningar og straumkablar i traseen.

Vegen vil slynge seg opp i bratt terreng, og er eit omfattande, varig terrenginngrep som vil bygge ned areal med den sterkt trua (EN) naturtypen *kystlynghei* og nær trua (NT) *kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra*.

Konsekvensane av utbygginga for fjellheia (delområde 8) og for kystlyngheia (delområde 11) er kvar for seg vurdert å gje *betydelig miljøskade*.

Planomtalen inneheld ikkje terrengprofilar som viser kor omfattande terrenginngrepa vil bli i form av fyllingar, skjeringar og grøfting. Terrenginngrepa byggjer ned naturen, og får verknad ut over sjølve vegkroppen. Ved å grøfte og lage skjeringar vil vatnet drenerast frå jorda, og slik gjere fuktige areal og areal langs vegkroppen tørrare. Dermed vil gjengroinga, særleg i kystlyngheia, auke. Dette gir dårlegare livsvilkår for mellom anna insekt og fuglar som er knytt til kystlyngheia.

○ *Grønstruktur – turveg (TV8-18)*

Planen opnar i tillegg til kombinert anleggs- og driftsveg, for bygging av eit nettverk av nye turstiar/-veggar i området rundt mellomstasjonen og toppstasjonen på Rundehornet. Frå Rundehornet (725 m.o.h.) mot Vardane (776 m.o.h.) er det opna for inntil 3 meter brei og nær 700 meter lang turveg i alpin vegetasjonssone.

Turveg er eit arealføremål som skal brukast til å regulere areal for tursti- og løypenett i grønstrukturen innafor byggesona og sikre samanhengande turar ut i natur- og markaområde. Turvegane skal, jamfør reguleringsføresegna § 3.4.3 andre ledd, tilfredsstillere krava til «tursti» i Kultur- og kirkedepartementet sin rettleiar frå 2008. Denne rettleiaren byggjer på dei vilkåra som gjeld for å kunne søkje tilskot til bygging av idretts- og friluftslivsanlegg gjennom spelemiddelordninga, og har ikkje same tilnærming til naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv som rettleiarane [Stiskulen](#) og [M-1326|2019 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv](#) frå Miljødirektoratet.

Fjellheia (NT) på Sulafjellet har sårbar vegetasjon som har liten evne til å revegetere raskt etter slitasje, men er likevel etter måten beresterk. Kystlyngheia (EN) toler trakk godt, men er i planforslaget utsatt for relativt omfattande inngrep og stor samla belastning.

Vi kan ikkje sjå at det er behov for like stor opparbeidingsgrad for alle turvegane (T8-T18). Opparbeiding av turstiar som planen opnar for er eit langt meir omfattande arbeid enn tilrettelegging for naturstiar. Med breidde på 1,5 eller 3 meter, toppdekke, masseutskifting, drenering, trapper og tilrettelegging for sykkel/barnevogn parallelt med trapp vil turstiane endre naturmiljøet og landskapet.

○ *Grønstruktur – turveg (TV18)*

Areal for turveg (TV18) på Rundehornet dekkjer 3,3 dekar og skal i følge føresegnene vere naturområde. Reguleringsføremålet turveg står i motstrid til tiltenkt arealføremål og arronderinga av arealet.

Vurdering av samla konsekvens for naturmangfald for Sulafjellet (delområda 8, 11 og 12)

Naturindeks for fjell viser at tilstanden i fjelløkosystema i Midt-Norge som i resten av landet er god, men har ei svak negativ utvikling. I dag er dei høgareliggande delane av planområdet på Sulafjellet lite påverka av inngrep. Med utbygginga vil dette endre seg i stor grad. Delar av det som i dag er inngrepsfrie naturområde (INON) vestover på Sulafjellet, vil få redusert areal. Utbygginga får negative konsekvensar for raudlista naturtypar og artar, og for ansvarsartar. Raudlista fugleartar og fuglar som er ansvarsartar for Noreg vil få redusert sine leveområde og får auka dødelegheit. Utbygginga vil gjere varig skade på sterkt trua atlantisk høgmyr, sterkt trua kystlyngheia og nær trua fjellheia.

Kvar for seg kan konsekvensane for dei ulike delområda og artane som er vurdert i konsekvensutgreiinga synest mindre alvorlege. Prosjektet si samla negativ verknad for naturmangfaldet i områda over tregrensa er likevel store. Det fører til at naturtypar blir oppstykkja, viktige areal blir bygd ned og naturtilstanden vert ringare. Dette påverkar igjen artane som får sine

leveområde stykka opp, blir utsett for meir forstyrringar gjennom året og auka dødelegheit som følge av kollisjonar med installasjonar i flygehøgde.

Konsekvensutgreiingane viser at planane gir betydeleg miljøskade både på naturtypar og artar på Rundehornet og området nordover mot Gamlestølen. Det er ikkje foreslått, og vi kjenner heller ikkje til at det kan gjennomførast avbøtande tiltak som er realistiske for å avgrense arealbeslaga og slitasje på vegetasjon, eller hindre forstyrringar og kollisjonar av fugl.

Planane om gondol er i konflikt med nasjonale miljømål for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Vi har derfor **motsegn** til gondol (TB) og planane for anna utbygging og tilrettelegging på Sulafjellet. Motsegna er heimla i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlig regionale interesser på miljøområdet*.

Landskap



Fjelltoppane på Sulafjellet er i konsekvensutgreiinga gjeve *stor verdi/høg forvaltningsprioritet*. I dag er inngrepa knytt til hyttene ved Molværsvatnet og Vonløypa vest for Vardane og Rundehornet, medan planforslaget opnar for inngrep også på austsida av Vardane som i dag ligg tilnærma urørt.

Inngrepa i landskapet, arealbeslaga og den visuelle påverknaden gjer at konsekvensgraden for dette delområdet er satt til *alvorleg miljøskade*. Gondolen, dei andre anlegga og belysninga blir nye, varige element i det urørte landskapsrommet mellom Svanshornet og Rundehornet noko som fjernar opplevingsverdiane knytt til urørt natur. Vi ser at det i planforslaget er lagt stor vekt på god arkitektonisk utforming og tilpassing av toppstasjonen til landskapet. Samstundes medfører utbygginga at delar av eit inngrepsfritt naturområde (INON) går tapt, og at arealinngrepa splittar opp eit samanhengande, urørt naturområde som er dokumentert viktig for friluftsliv og naturmangfald. Med heimel i T-2/16 har vi **motsegn** til utbygginga på Sulafjellet.

For busetnaden i Langevåg gir utbygginga *betydeleg miljøskade* som følge av godt synlege master mot horisonten og i landskapet i sentrumsområdet, bevegelse av gondolar og skuggar frå gondolane når det er sol. Dei skogkledde områda mot sør dempar dei visuelle effektane. Dei andre delområda får *noko miljøskade*. Vi har ikkje merknader til denne konklusjonen.

Friluftsliv



Dei nasjonale måla for friluftslivspolitikken er å vareta og utvikle friluftslivet sin posisjon vidare ved å ta vare på allemannsretten, verne om og legge til rette viktige friluftslivsområde og stimulere til auka friluftslivsaktivitet for alle. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Gondol til Rundehornet på Sulafjellet er eit reiselivsprodukt som skal gje naturbaserte opplevingar til dei besøkande. Alpinanlegg og andre aktivitetstilbod knytt til toppstasjonen skal vere eit utgangspunkt for utvida, heilårleg friluftstilbod for alle aldrar og meistringsnivå. Dei planlagde tiltaka på Sulafjellet er bygge-, anleggs- og infrastrukturtiltak som ikkje er «grøne» arealføremål som kan nyttast til å sikre areal for natur og friluftsliv etter plan- og bygningslova.

Konsekvensutgreiinga for friluftsliv omhandlar alpinanlegget og gondolen som positivt for moderne friluftsliv. Vi finn det derfor naudsynt å utdjupe omgrepet «friluftsliv»;

Friluftslova § 1 har til føremål å «*verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsl, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes*». I stortingsmeldinga om friluftsliv («*Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet*») er friluftsliv definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Med utgangspunkt i nasjonal natur- og friluftslivspolitik er det i denne planen særleg interessant å greie ut kva for konsekvensar den foreslåtte utbygginga vil få for utøvinga av friluftslivet på Sulafjellet som markaområde. Vi viser her til vårt brev datert 28. oktober 2021 til varsel om oppstart av planarbeidet, med ei brei vurdering av verdien av Sulafjellet for friluftsliv med tilvising til nasjonal friluftslivspolitik. I brevet bad vi om at konsekvensutgreiinga vurderte konsekvensane av tap av urørt natur på Sulafjellet opp mot kostnaden med å oppsøke næraste alternativ med liknande kvalitetar annan stad for utøvarar av det tradisjonelle friluftslivet. Vi kan ikkje sjå at denne problemstillinga er vurdert.

Som grunnlag for konsekvensutgreiinga er det er gjennomført ei kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde etter Miljødirektoratet si handbok M98-2013. Sulafjellet er kartlagt som *markaområde*, og turstigane/turvegane til fjellet er kartlagt som *grønkorrridorar*. Både markaområdet og turstigane/turvegane er gitt *svært viktig* verdi for friluftslivet. Konsekvensutgreiinga konkluderer med *alvorleg miljøskade* for del av dette området (delområde 2) på grunn av den store opparbeidingsgraden med terrenginngrep, bygningar, alpinanlegg, zip-line, gondol, lys, støy og meir folk. Dette reduserer attraktiviteten i området for dei som verdset tradisjonelt friluftsliv i urørte område. Konsekvensutgreiinga peikar også på at kostnaden ved bruk av anlegget, vil spele inn på ein del brukargrupper som barnefamiliar. Kostnadane ved å ta gondol til topps for å delta i friluftslivsaktivitetar med utgangspunkt i Rundehornet, kan bidra til å forsterke sosiale ulikheiter i samfunnet.

Allemannsretten gjer det mogeleg å utøve ulike friluftslivsaktivitetar i over alt naturen, så lenge det skjer med omsyn til miljøet og grunneigar/rettighetshavar. Stortingsmeldinga om friluftsliv peikar på endringane i friluftslivet i retning av meir mangfaldige aktivitetar med spesialisert utstyr og intensiv trening, og at det kan oppstå brukarkonfliktar. Opparbeiding av nye turistattraksjonar, alpinanlegg og skiløyper i mykje nytta friluftsområde, som på Sulafjellet, kan føre til konflikt når retten til fri ferdsl og opphald i utmarka vert utfordra gjennom endringar i arealbruken.

Stortingsmelding «*Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet*» peikar på at god tilstand i naturen er viktig for folkehelsa, fordi naturen gir grunnlag for opplevingar og friluftsliv. I Miljødirektoratet sin rettleiar M-1326 «*Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*» er god balanse mellom område med og utan tilrettelegging løfta fram som eit overordna prinsipp, for å vareta ein variasjon av ulike typar naturområde av omsyn til naturen sjølv og dei som brukar naturen. Dette gjer at ein kan oppleve spesielle naturområde med særskilte kvalitetar også i nærområda til byar og tettstader. Det er heller

ikkje eit mål at alle naturområde skal vere tilgjengelege for alle, nettopp på grunn av sårbar natur, topografi og landskap.

Konsekvensutgreiinga viser *middels/stor negativ* samla konsekvens av planane for tema friluftsliv, med størst negativ konsekvensgrad *alvorleg miljøskade* for delområde 2, som er området som skal byggast ut med toppstasjon, gondol, zip-line og alpinanlegg. Delområde 2 er saman med delområde 4 (Sulafjellet vest) det friluftslivsområdet med størst verdi og forvaltningsprioritet i konsekvensutgreiinga. Dette utgjer dei store, opne fjellheiene på snaufjellet med inngrepsfri natur (INON).

I følge planomtalen vil det vere ei anleggstid på to år, der ein i denne perioden skal nytte eksisterande turveggar, som Vonløypa, til anleggsveg. Det er ikkje lagt fram ein plan for korleis ein skal vareta friluftslivsinteressene og moglegheitene for ferdsel i turområdet langs turvegane i anleggsperioden. Desse brukarkonfliktane må løysast i planen.

Utbygging av gondol og andre anlegg i fjellet kjem i direkte konflikt med kvalitetane og verdien av Sulafjellet som markaområde og svært viktig friluftsområde. Utbygginga går også utover naturgrunlaget for friluftslivet. Vi har **motsegn** til gondol til Sulafjellet med tilhøyrande anlegg, anleggsveggar, turveggar, alpin- og skiløyper, jf. rundskriv T-2/16 pkt. 3.10.

Vassdrag



Det er eit nasjonalt mål å ha god tilstand i økosystema. Etter berekraftsmål nr. 15 skal vi stanse tapet av biologisk mangfald og rette opp skadde økosystem, mellom anna i ferskvatn.

Velfungerande økosystem leverer økosystemtenester, som reinsing av vatn og flaumdemping, og vil bidra til å nå berekraftsmål nr. 6 og 11.

Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) § 11 stiller krav om kantvegetasjon langs vassdrag. Kantvegetasjon gir grunnlag for breiare artsvariasjon og betra økologisk funksjon i og langs vassdraga. Slike soner fungerer mellom anna som vandringskorridorar for vilt, og er viktige hekke- og leveområde for fugl.

Friluftsområde i sjø og vassdrag (FLV2)

Planen regulerer sjølve vassstrengen som *friluftsområde i sjø og vassdrag*. Kantsonene langs Molværselva er regulert til LNF-område, med generelle føresegner. Planen sikrar ikkje godt nok naturverdiane og dei regulerande naturtenestene som er knytt til den naturlege kantvegetasjonen langs vassdraga. Vi ber om at det vert fastsett byggegrense mot vassdrag, og arealet bør regulerast til «*bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner*» (pbl § 12-5 nr. 6) med underføremål og føresegner som sikrar naturleg kantvegetasjon i tråd med vassressurslova § 11. Breidda på vegetasjonsbeltet heng saman med den økologiske funksjonen, kan avgrensast til å omfatte areal for ti-årsflaumen.

Vassetelva - Devoldfabrikken (GAA6, PP2, FVL1, OVT2 m. fl.)

Vassetelva, som renn aust for bedehuset, vil få kortare løp i dagen sør for Geilneset. Den delen av elveløpet som ligg under gondoltraseen og nedre stasjon (PP2, BAA1 m. fl.), vil leggest i lang kulvert. Resterande opne elveløp vil utvidast til ein dam med parkstruktur rundt. I følgje landskapsplan for Devoldfabrikken, er det planlagt å la Vassetelva gå i dagen gjennom området som skal opparbeidast til park og grønstruktur. Plangrepet med større vasspegel og grøntareal vil vere eit løft i bymiljøet. Det må også her fastsettast byggegrense mot vassdraget, og arealet bør regulerast til «*bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*» (pbl § 12-5 nr. 6).

Det er eit mål om å restaurere meir vassdragsnatur. Det er derfor svært positivt å opne bekkeløpet for restaurering av natur og å legge til rette for at aure igjen kan vandre opp i Vassetelva. Dette må sikrast i planen med eige arealføremål og føresegner. Vi rår til at ein også ser på mogelegheiter for å opne ei lengre strekning av, eller heile bekken. Som del av planlegginga av gjenopninga, må det gjerast vurderingar av korleis tiltaket legg til rette for meir biologisk mangfald og korleis tiltaket vil påverke vassmiljøet, jamfør vassforskrifta §§ 4 og 5.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing



Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet. I ROS-analysen er det gjort nærare vurdering av mellom anna skredfare, grunnforhold/områdestabilitet, stormflod inkludert havnivåstigning, flaumfare, brann og vind.

Gondolbanen er planlagd (alternativ B1) å gå rett over eit bustadhus, eit bedehus og krysse fleire vegar. Innanfor sikringssona, som er satt til 20 meter på kvar side, ligg ytterlegare sju bustadhus, ein omsorgsbustad, og eitt forretningsbygg. Risiko for nedfall av snø, is og andre gjenstandar frå gondolbana er meldt inn som merknad til planprogrammet frå privatpersonar, og kort omtala i *Planomtale med KU* (s.133). Det er i KU vist til krav i taubanelova med forskrifter om ein tryggleiksanalyse i samband med søknad om driftsløyve. Avstand mellom gondol og bygningar, fare for isnedfall og anna risiko er blant forholda som vurderast i tryggleiksanalysen. KU skildrar lukka gondol som eit argument for at gjenstandar ikkje kan falle ned frå kabinane. Vidare er det skildra i KU at kablane kan, ved særskilt fare for ising, køyrast kontinuerleg utan gondolar i redusert fart, og dette vil hindre isdanning på kablane.

Statsforvaltaren meiner at gondolbane over eksisterande bygg og infrastruktur er ei problemstilling som bør skildrast grundigare i ROS-analysen. Det bør kome betre fram korleis risiko knytt til gondolbane over hus og veg er vurdert, om risikoen er akseptabel og korleis eventuell uakseptabel risiko er tenkt handtert. Desse vurderingane bør synleggjerast i ROS-analysen knytt til områdereguleringa, sjølv om det er krav om seinare tryggleiksanalyse i samband med søknad om driftsløyve. Å betre synleggjere vurderingane knytt til dette i analysen kan i tillegg bidra til å styrke opplevinga av tryggleik som er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Det er planlagd preparering av ein skitrase på vinterstid i områda SKI1-SKI11. Skitrasear og stiar er i planen plassert i tryggleiksklasse S1. Ein mindre del av område SKI10 går gjennom skredutsatt terreng med sannsyn større enn 1/100, og tilfredsstillar dermed ikkje kravet til tryggleik.

Planføresegn 3.2.10 skildrar korleis det er planlagd å overvake, varsle og stenge traseen når skredfaren er stor. Dette er eit organisatorisk tiltak. Det er ikkje opning for organisatoriske tiltak for å oppnå tilfredsstillande tryggleik etter TEK17 § 7-3. Kommunen må derfor sikre tilstrekkeleg trygg skitrase med andre tiltak enn organisatoriske.

Det er planlagd å legge til rette for friluftsliv frå Rundehornet heile året, med mellom anna oppkøyring av langrennsløyper sørover frå toppen vinterstid og alpinløyper austover. Rundehornet vil også vere eit godt utgangspunkt for frikøyring. Skredfarerapporten frå Asplan Viak (3.12.21) rår ifrå å legge til rette for opphald nedanfor nordsida av Vardane og vestsida av Rundehornet på grunn av faren for snøskred. Dette har mellom anna gjort at planområdet er redusert, slik at desse områda ligg utanfor planområdet. Kommunen må likevel vere merksam på at sjølv om dette skredfarlege området er fjerna frå planområdet, vil Gondolbane og skitrekk til Rundehornet òg gjere desse områda meir tilgjengeleg for ferdsel/frikøyring. Kommunen må derfor i sakshandsaminga vere merksam på at dette er ein følgjerisiko ved planen, og vurdere om det er mogleg å gjere risikoreduserande tiltak.

I ROS-analysen kjem det fram at området er sårbart for stormflod inkludert havnivåstigning og bølgepåverknad. Norconsult har laga eit notat som omhandlar stormflod og bølger i Langevåg sentrum. Notatet kjem med tilrådingar om trygg byggehøgde som er lagd til grunn for føresegn 4.4.4. knytt til omsynssone H320_2 og krev mellom anna: «*Minste byggehøgde på golv i bygg er 2,8 m.o.h. NN2000 for bygg utan spesielle tiltak for sikring mot vassinntrenging*». DSB sin rettleiar «*Havnivåstigning og stormflod*» gir trygg kote på 2,6 meter for F2-tiltak inkludert framtidig havnivåstigning med klimapåslag. Påverknad frå vind og bølger kjem i tillegg. Signifikant bølgehøgde i Langevåg sentrum er berekna til 1,5 meter pluss/minus 0,25 meter. Vi saknar ei grunngjeving i rapporten frå Norconsult på kvifor dei berre legg til 20 cm for å ta høgde for vind og bølgepåverknad og endar opp med å tilrå kote 2,8 som trygg byggehøgde.

I nedre del av planområde ligg fleire omsynssoner delvis overlappande. Det kan vere krevjande å få oversikt i plankartet. Det er derfor bra at omsynssonene er godt skildra i reguleringsføresegnene og illustrert med små kartutsnitt. Det kan sjå ut som føresegner til omsynssonene ikkje samsvarar heilt med teiknforklaringa i plankartet. Teiknforklaring i plankart og reguleringsføresegner må samordnast slik at dei er eintydige.

Norconsult sitt notat «*Kapasitetsberegning for kulvert gjennom Langevåg*» viser til kartlagt flaumfare og at område for Gondol-stasjon er utsett for flaum (20-årsflaum inkludert klimapåslag). Notatet skildrar vidare ei løysing for oppgradering av kulvert til å handtere 200-års flaum inkludert klimapåslag. Sjølv om forslaget til oppgradert kulvert tilfredstillar tryggleikskrava i TEK17 viser vi til «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassveggar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast.

Legg ein [Klimaprofil Møre og Romsdal](#) til grunn vil middeltemperaturen for vinteren i Møre og Romsdal auke med kring 4,0 gradar C fram mot år 2100. Det er i dag krevjande å drive alpinanlegg i eit kystklima grunna milde og ustabile vintrar. Forventa klimaendringar vil gjere det enda vanskelegare å drive eit alpinanlegg i kystnære strøk i framtida.

Avlaup - vassmiljø



FN sitt berekraftsmål nr. 6 skal bidra til berekraftig vassforvaltning. Det er ei målsetting å betre vasskvaliteten ved å redusere forureining innan 2030, og verne om og rette opp mellom anna elvøkosystem.

Det er planlagt nytt reinseanlegg for avlaup ved Gamlestølen. I innleiande rammeplan for vatn- og avlaupsanlegg, utarbeidd av Asplan Viak, er det foreslått plassering enten aust eller vest for Molværselva. Reinsa avlaupsvatn skal førast til Molværelva. Rammeplanen tilrår reinsekrav på minimum 90 % for fosfor og organisk materiale og naturbasert reinsetrinn ved infiltrasjon i filtersand og stadlege morenemasser. Forventa renseeffekt av avlaupsvatnet til Molværselva er 95 % fosfor og organisk materiale og nær 100% for bakteriar og smittestoff.

I rapporten frå Asplan Viak er det peika på utfordringar med å få tømt slammet på grunn av bratt stigning på turvegen for tømmebil. Det er store mengder slam som skal fraktast ut, og dette må løysast i planen.

Det er store mengder avlaupsvatn som skal infiltrerast. Det må gjerast greie for om dette vil fungere, også i periodar med frost og periodar med støytbelastning.

Hovudmengda av besøkande vil kome i sommarhalvåret, og belastninga på avlaupsanlegget vil dermed bli høgast i ein periode av året der det kan vere tørre periodar med låg vassføring. Førebels utrekna påverknad (tabell 6) viser at mengde fosfor til Molværselva ved låg vassføring vil kome over grenseverdiane for *god* miljøtilstand i elv. Varmare vår i sommarhalvåret vil gjere at effekten av tilførselen av næringssalt til økosystemet blir større.

Planen manglar vurderingar om tiltaket kan føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd eller tilstanden vert forringa, jamfør vassforskrifta § 12. Det må greiast ut om det er lar seg gjere å etablere eit fungerande reinseanlegg som ikkje endrar miljøtilstanden i Molværselva frå god til ein dårlegare tilstand. Dette må bereknast både med og utan eksisterande og planlagde hytter ved Molværsvatnet.

Vi har **motsegn** inntil det er dokumentert at avlaupsløysinga ikkje medfører dårlegare tilstand i vassførekomsten i strid med miljømåla i vassforskrifta §§ 3 og 4. Motsegna er heimla i T-2/16 punkt 3.7.

Reguleringsplanen sine føresegner må seie noko om utforming av anlegget, omfanget av terrenginngrep og opparbeiding av tomta for plassering av bygg og etablering av sandfilter.

Forureining og støy



Forureining skal ikkje skade helse og miljø, og det må ikkje setjast i verk tiltak i grunnen som kan medføre spreiding av miljøgifter. Det er heller ikkje tillate å bygge på eller dele frå grunn som ikkje er sikra mot fare eller ulempe, jamfør plan- og bygningslova § 28-1.

Forureina grunn

Areal som ein mistenker har forureina grunn, medrekna forureina sjøbotn, bør visast med omsynssone i planen. Vi viser til Miljødirektoratet sine nettbaserte rettleiarar «[Forureina grunn i byggje- og gravesaker](#)» og «[Forurenset grunn i arealplaner](#)».

Støy

Norconsult har utarbeidd støyrapport for Sulafjellet gondol, med ei støyfagleg utgreiing av gondolbana, zip-line, skianlegg og endringar i vegtrafikkstøy. Vi har ikkje vesentlege merknader til konklusjonane i denne rapporten.

Generelle reguleringsføresegner om støy er fastsett i § 2.8 i planen. Desse regulerer støy frå gondolbane i tråd med tilrådingane i støyrapporten frå Norconsult, men har avgrensa støykrava til å berre gjelde for bustader. Andre bygg med støyfølsamt bruksføremål, som fritidsbustader, må også omfattast av støykrava i § 2.8. Reguleringsplanen omfattar bustadareal og areal for offentleg tenesteyting som ligg innafor gul støysone langs veg. Dette gjeld BFS5, BK1, SF3 og o_T1. Dette er areal som vi i samband med høyring av områderegulering for Langevåg sentrum har hatt motsegn knytt til manglande avklaring av støy for dei same områda (kalla BF1, BKS3, BS1 og BOP3 i områderegulering for Langevåg sentrum). Motsegna knytt til manglande støyavklaring er trekt på bakgrunn av ny støyutgreiing. Plankrava knytt til støy som er fastsett for dei fire områda i områdereguleringa for Langevåg sentrum, er ikkje innarbeidd i områdereguleringa for Sulafjellet. Det er heller ikkje stilt krav om vidare detaljregulering av areala før utbygging. Områdereguleringa for Sulafjellet føreset at avklaring av støy vert utsett til byggesaka. Dette er det ikkje høve til.

Vi har jamfør støyretningslinja T-1442/2021 **motsegn** til BFS5, BK1, SF3 og o_T1. For å løyse motsegna må det enten stillast krav til detaljregulering, eller bli stilt same krav i reguleringsføresegnene som vi har akseptert for dei konkrete bustadområda i områderegulering for Langevåg sentrum.

Barn og unge



Born og unge har rett til eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov, jamfør «*Rikspolitiske retningslinjer for barn og*

planlegging». Det er ei nasjonal målsetting å sikre born og unge slike tilbod og moglegeheiter som gir kvar enkelt både utfordringar og ein meningsfylt oppvekst uansett kvar ein bur eller kva for sosial eller kulturell bakgrunn ein har.

Berekraftsmål 3 om helse inneber at ein skal sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Lokalsamfunn som sikrar trygge fysiske omgjevnader (berekraftsmål 11) og legg til rette for lik deltaking for alle, tek betre omsyn til meir sårbare grupper i befolkninga og bidreg til ei utjamning av oppvekstvilkår (berekraftsmål 10).

Friområde med sikringssone og taubanemast (FRI1 og FRI3)

Areal som i arealplanar er sett av til friområde eller fellesareal, eller som er eigna for eller nytta til leik, kan ikkje omdisponerast til annan bruk utan at det vert skaffa fullverdig erstatning for arealet. Vesentlege delar av friområdet aust for Molværsbrauta (FRI1 og FRI3) vert regulert med sikringssone transport (H130) langs gondoltraseen og det skal byggast ei 49 meter høg taubanemast (ASB3) på arealet.

I samband med oppstart av planarbeidet stilte vi krav om utgreiing av planen sine konsekvensar for born og unge. Vi bad spesifikt om ei utgreiing av om areal som er i bruk av born og unge vert råka av planane og i kva for grad.

Friområdet vidarefører den overordna grønstrukturen i kommuneplanen som bitt saman bustadområda med turområda på Sulafjellet. Av planomtalen (s. 52) går det fram at friområdet vert nytta av Molvær og Langevåg barnehagar som tur- og leikeområde. Det er uklart om registreringa av barnetrakk i samband med områdeplan for Langevåg dekkjer dette området, og kva som eventuelt var funna i det arbeidet. Vi viser til at kommuneplanen sin arealdel § 2.1.7 stiller krav om digital barnetrakkregistrering i vurderinga av born og unge sine interesser i plan- og byggesaker. Området er ikkje blant dei områda som vart kartlagt som friluftsområde etter Miljødirektoratet si handbok i 2018, men konsekvensutgreiinga konkluderer med *betydeleg miljøskade* for tema friluftsliv i delområde 1 (nærfriluftsområde Langevåg). Friområdet ved Molværsbrauta inngår i delområde 1. Konsekvensutgreiinga peikar på negative visuelle nær- og fjernverknader knytt til gondol, mastepunkt og hogst, samt støy i anleggs- og driftsperioden.

Gondolbana kan medføre at dette friområdet får redusert attraktivitet og vert mindre brukt. Sjølv om ikkje areal på bakken vert bygd ned i vesentleg grad, kan aktiviteten i lufta opplevast som ei psykisk barriere mot bruk. I tillegg kan det potensielt kome nedfall av is og/eller snø. Dette må omhandlast nærare. Støy frå gondolen må omtalast, jamfør utarbeidd støyrapport frå Norconsult.

Planen drøftar lite kva for konsekvensar planen får for attraktiviteten og bruken av friområdet, og vi kan ikkje sjå kva for medverknad, jamfør PBL § 5-1 andre ledd, barnehagane og andre som nyttar området har hatt i arbeidet med utarbeiding av denne planen. Inntil det er gjort nærare greie for bruken av friområdet gjennom året, med vurderingar av konsekvens av bygging og drift av gondolen for denne bruken, har vi **motsegn** til planen, jamfør PBL § 5-1 og «*Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*» 4 a) og d). Det bør innhentast erfaringsgrunnlag frå likande prosjekt, og det må leggjast til rette for aktiv medverknad frå born og unge.

Anleggsperioden

For å kome til planområdet og bygge drifts-, og anleggsvegane, må det nyttast lokalvegar i utbyggingsperioden. Vegen til vasskummen går gjennom etablerte bustadfelt, som ut frå flyfoto synest å mangle fortau eller gang- og sykkelveg. Det vil vere viktig at ein finn gode og trafikktrygge løysingar for dei mjuke trafikantane i anleggsperioden. Vi er særleg opptatt av å sikre at born og

unge har trygg skuleveg og veg til fritidsaktivitetar, jamfør «*Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*» pkt. 5 a. Dette må løysast og sikrast som del av planarbeidet.

Deltaking i samfunnet

Reguleringsplanen for Sulafjellet regulerer nytt skianlegg med alpine nedfartar og barnetrek, og legg til rette for langrenn på Sulafjellet. For å kome til skianlegget oppe i fjellet, er ein avhengig av å kjøpe gondol- og heiskort. Prisen for å kome på tur vinterstid og i barmarkssesongen kan verte for høg for mange. For born og ungdom kan dette føre til eit skilje mellom dei som har råd til å delta i fritidsaktivitetar og dei som kjem frå familiar med låg inntekt og som dermed ikkje har same økonomiske evne. Dette er med på å forsterke sosial ulikskap i befolkninga, som kanskje rammar born og unge mest.

Folkehelse



Berekraftsmål 3 har til føremål å sikre god helse og livskvalitet for alle, uansett alder. Å planlegge og byggje for inkluderande, trygge, robuste og berekraftige lokalsamfunn i tråd med berekraftsmål nr. 11, er eit viktig bidrag til folkehelsearbeidet. Folkehelseleva har til føremål å fremme folkehelsa til befolkninga, og kommunane skal innarbeide dette omsynet i sitt planarbeid etter plan- og bygningslova, jamfør PBL § 3-1 bokstav e) og f).

Nedre del av gondoltraseen vil gå over til saman 13 bustader og ein omsorgsbustad. Gondolen har kapasitet til 42 vogner som kan frakte ti personar i kvar. Det vil vere ca. 190 meter mellom vognene som har ein fart på opptil 6 m/s. Sju av bustadane og kommunal omsorgsbustad i O.A. Devoldvegen (o_T1) vil bli liggande innafor sikringssona på 20 meter langs gondoltraseen. Ein av desse bustadane (Harhaugvegen 20) blir liggande under gondolbana. Gondolen vil passere 6,5 meter over taket på bedehuset, som ligg noko høgare i terrenget enn omsorgsbustaden.

Korleis folk opplever omgjevnadene der dei bur, verkar inn på korleis folk har det. Planlegging av nye tiltak må skje slik at ein kan førebygge helseplager, først og fremst ved å unngå negativ belastning, jamfør tiltakshierarkiet.

Utgreiinga i planen for tema folkehelse konkluderer med *stor negativ konsekvens*. Dei negative verknadene for bustadene vil truleg opplevast sterkast i sentrumsområdet der avstanden mellom gondol og bygning er relativt liten. Jamn gondoltrafikk over heimen gjennom dagen kan opplevast belastande og som visuell støy. Bebuarane kan få ei oppleving av at luftrommet over heimen vert invadert, og at ein mister kontroll over sitt eige. Kor belastande gondoltrafikken er for den enkelte vil vere individuelt. Ei konsekvensutgreiing av effekten av gondolen for bebuarane langs traseen, må derfor basere seg på nokre objektive kriterium slik at det i størst mogeleg grad er mogeleg å einast om kunnskapsgrunnlaget og kva som er påverknadsfaktorane. Vi vurderer at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad svarar ut konsekvensane av bygging av gondol for folkehelse knytt til bumiljø og bustader.

Med utgangspunkt i [Veileder i miljørettet helsevern](#) ber vi om ei nærare utgreiinga av punkta under:

- **Støy** er mellom dei ytre miljøfaktorane som kan påverke folkehelse negativt. Det er gjennomført ei støyvurdering for gondolen, og konklusjonane frå denne rapporten må inngå som del av vurderingsgrunnlaget for folkehelse knytt til bumiljø/bustader.
- **Solforhold og skuggekast.** Uteareal på eigedomane vil bli utsett for skuggekast som kan opplevast som sjenerande og plagsamt. I samband med planlegging av vindparkar, har Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeidd tilrådde grenseverdier for bygningar som er følsame for skuggekast, jamfør [NVE Veileder nr. 2/2014](#). Vi rår til at ein tar utgangspunkt i desse grenseverdiene og gjer ei berekning av skuggekast frå gondolbana, slik at omfanget og varigheit vert kartlagt. Influensområdet for skuggekast kan strekkje seg langt utover det som er sikringssona langs gondolen.
- **Nærføring.** Innsyn frå framande kan føre til tap av kontroll over «sitt eige». Kor ofte gondolane vil passere over heimane, opningstider gjennom døgnet og året er viktig å kjenne til, og er opplysningar som må inn i planomtalen. Plangrep som reduserar utsyn frå gondolen er omtala i planen og sikra i føresegnene. Det er likevel usikkerheit knytt til korleis innsynet frå gondolane vert for bustader og uteplass som ligg lengre unna. Dette må visualiserast i illustrasjonar i plandokumentet. Det må også utarbeidast fotomontasjar for kvar bustadeigedom innafør sikringssona, som viser kor nær husa gondolvognene kjem.
- **Tryggleik/fryktkjensle.** Mangel på tryggleik og frykt for ulykker eller nedfall frå gondolane må omhandlast særskilt. Her må det innhentast statistikk over ulykker og kunnskap om nedfall (is og liknande) frå andre tilsvarande anlegg og kva konsekvensar dette har medført for menneske og eigedom.

Gondolen vil passere tett på ein omsorgsbustad og over fleire bustadhus i ulike avstandar til bygg og terreng. Vi vurderer at konsekvensutgreiinga for folkehelse temaet ikkje er dekkjande for å vurdere kva for konsekvensar gondoltrafikken over bustadområda vil få for bu- og livskvaliteten, om det er forsvarleg å etablere gondolbane over bustader, eller om det er behov for fleire skadereduserande tiltak på anlegget. Vi har derfor ikkje tilstrekkeleg fagleg grunnlag til å vurdere om folkehelse knytt til bumiljøet er varetatt i planen, og har planfagleg **motsegn** på dette punktet.

Klima



Klimaendringane gir alvorlege konsekvensar for folk og natur. FN sitt berekraftsmål 13 seier at vi må handle no for å stoppe klimaendringane og konsekvensane av dei. Berekraftsmål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon handlar om å minske ressursbruken, miljøydeleggelsen og klimautsleppa. Dette støttast opp i delmål 9.4 om å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar.

Tiltakshavar har som intensjon i plana å velje material som minskar klimagassutsleppa. Gjennom riktige val med omsyn til utslepp er det berekna eit klimagassutslepp på 2 600 tonn CO₂ ekvivalentar for utbygginga. Utan dette omsynet vil utsleppet vere nesten dobla. Til samanlikning ligg det årlege

klimagassutsleppet frå samla vegtrafikk i Sula kommune i dag på om lang 5 500 tonn CO₂ ekvivalentar.

Utbygginga vil i tillegg kunne føre til minska opptak av klimagassar som følger av øydelegging av skog, myr og beitemark i området. Dette er ikkje skildra i plana, og heller ikkje teke med i rekneskapane over.

Tiltaket vil trenge energi. Norsk energimiks står i hovudsak av fornybar energi med låge utslepp av klimagassar. Den fornybare energien må i større og større grad erstatte fossilbrensel framover. For å bygge ut fornybar energi trengs areal. Areal er også ein avgrensa ressurs, og vi må ta stilling til kva vi nyttar energien til.

Det er positivt at tiltakshavar har intensjonar om å nytte klimavennlege material og metodar under utbygginga. Likevel stiller vi spørsmål til om heile konseptet med ein gondol opp på ein fjelltopp gir nok samfunnsnytte til at det kan reknast som berekraftig og effektiv bruk av energiresursane våre, jamfør «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning».

Konklusjon

Områdeplanen legg til rette for ei utvikling i sentrum av Langevågen. Samstundes viser utgreiingane negative konsekvensar av å bygge gondol for fleire av utgreiingstema, med størst miljøskade knytt til friluftsliv i fjellet og naturmangfald i fjell og utmarksområda sør for Langevåg sentrum. Vi vurderer at det er noko usikkerheit knytt til konsekvensane for folkehelse med omsyn til bumiljø, og at det er behov for meir dokumentasjon.

Planen opnar for ein arealbruk som er i konflikt med viktige regionale og nasjonale omsyn. Statsforvaltaren motsegn til desse delane av planen, jamfør plan- og bygningslova § 5-4.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Ulf Lucasen
ass. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Klima og klimatilpassing: Anne Melbø, tlf. 71 25 85 15
Samfunnstryggleik: Trygve Winter-Hjelm, tlf. 71 25 85 98
Folkehelse: Anne Mette Nerbøberg, tlf. 71 25 85 28

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Postboks 1010 Nordre
Ål

6404 MOLDE
2605 LILLEHAMMER

KYSTVERKET
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
MATTILSYNET

Postboks 1502
Naustdalsvegen 1B

6025 ÅLESUND
6800 FØRDE

FISKERIDIREKTORATET ÅLESUND

Felles postmottak
Postboks 383
Postboks 185 Sentrum

2381 BRUMUNDDAL
5804 BERGEN